



**Ullensvang
kommune**

Plan for tilsyn med- og rettleiing av barnehagar 2022-2026



Godkjend administrativt 11.01.2024



Innhald

Innhald.....	1
1. Innleiing.....	1
2. Mål.....	2
3. Rettsgrunnlag for utøving av tilsyn og rettleiing.....	2
4. Organisering av barnehagemyndene.....	3
5. Risikovurdering.....	7
6. Skjønn.....	7
7. Rettleiing.....	8
7.1. Proaktiv og reaktiv rettleiing.....	9
8. Tilsyn.....	9
8.1.1. Førebuingssfasen.....	10
8.1.2. Undersøkingssfasen.....	10
8.1.3. Avslutningsfasen.....	10
8.2. Ulike typar tilsyn.....	11
8.2.1. Tematilsyn.....	11
8.2.2. Hendingsbasert tilsyn.....	12
8.2.3. Oppfølgingstilsyn.....	13
9. Evaluering.....	13
10. Referansar.....	13

1. Innleiing

I tilsynsplanen vert barnehagemyndene sitt ansvar og oppgåver for rettleiing og tilsyn i kommunale barnehagar, i Ullensvang kommune, skildra og utdjupa. Kommunen har ingen private barnehagar.

Ullensvang kommune har per 1. august 2023 13 barnehagar.





2. Mål

Brukarane skal gjennom kommunen sitt tilsyn vera sikra at følgjande er ivaretatt:

- Tilsyn og rettleiing skal vera verktøy for å sikra barn gode oppvekstkår
- Barnehagen vert driven etter lover, forskrifter og kommunale vedtak
- Barnehageeigar er bevisst sitt ansvar for at barnehagen si verksemd er i samsvar med lov om barnehagar med forskrifter

3. Rettsgrunnlag for utøving av tilsyn og rettleiing

Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehagelova) § 53 bestemmer at kommunen skal føra det lokale tilsynet med verksemda (kommunale og private barnehagar).

Som lokalt barnehagemynde skal kommunen gi rettleiing om-, og sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med barnehagelova med forskrifter, jf. Lov om barnehager § 10 første ledd.

Kommunen skal likehandsama private og kommunale barnehagar når den utfører oppgåver som barnehagemynde, jf. barnehagelova § 11.

Kommunen har rett til innsyn i dokument og tilgang til barnehagelokale i den utstrekning det er å sjå som nødvendig for å ivareta kommunen sine oppgåver som barnehagemynde, jf. barnehagelova § 10 femte ledd og § 53 fjerde ledd. Kommunen fører tilsyn med verksemdar etter barnehagelova, og kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold ved godkjende eller godkjenningsspliktige verksemdar.

Dersom fristen for å etterkoma pålegget ikkje vert overhalden, eller dersom forholdet ikkje let seg retta, kan kommunen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda, jf. Lov om barnehager § 53.

Lokalt barnehagemynde må følgja forvaltningsrettslege reglar ved utføring av si verksemd. Forvaltningsrettslege reglar følgjer av forvaltningslova og ulovfesta forvaltningsrettslege prinsipp.

Det følgjer av Grunnlova § 104 og Barnekonvensjonen artikkel 3 og 12, at barn og unge har rett til å bli høyrd i saker som vedkjem dei. Vidare skal barnet sitt beste vera eit grunnleggjande omsyn i slike saker.





4. Organisering av barnehagemynde

Barnehagelova pålegg kommunen plikter både som barnehageeigar og som lokalt barnehagemynde. Det følgjer av barnehagelova § 11 at kommunen skal organisera oppgåvene den har som barnehagemynde skild frå oppgåvene den har som barnehageeigar, når dette er eigna til å ivareta tilliten til at kommunen som barnehagemynde opptre upartisk.

Formålet med lova:

- Ivareta likehandsaming og tillit
- Oppgåver med tilsyn og søknadar om dispensasjon skal skiljast frå eigaroppgåvene
- Dei andre myndeoppgåvene må vurderast av kommunen

Kva betyr lovendringa i praksis:

- Oppgåva som barnehagemynde kan ikkje utførast av same person som har eigaroppgåver eller av ein person der næraste leiar ivaretek oppgåver som barnehageeigar

Utdanningsdirektoratet har i uttale til Statsforvaltaren i Rogaland 17.12.20 uttalt at kommunen ikkje nødvendigvis må skilja alle eigar- og myndeoppgåvene frå kvarandre, men kommunen må gjennomføra ei konkret vurdering av kva oppgåver som må organiserast skilde frå eigaroppgåvene, for å ivareta tillit til at kommunen opptre upartisk som barnehagemynde.

I Ullensvang kommune:

Rådmannen har gjort ei vurdering av korleis mynde- og eigaroppgåver etter barnehageloven kan organiserast.

Rådmannen har gjort ei konkret vurdering av alle myndeoppgåvene opp mot kva oppgåver som må vera skilde og kva oppgåver som kan ivaretakast av ein og same person. Rådmannen har kome fram til at sektorleiar for barnehage kan ivareta barnehageeigaroppgåver og enkelte myndeoppgåver utan at det går på tvers av intensjonen i § 11 i barnehageloven.

I Ullensvang kommune vert organiseringa av barnehagemynde slik:

- Sektorleiar for barnehage med barnehagefagleg kompetanse har ansvar for barnehageeigaroppgåver og enkelte myndeoppgåver
- Kommunalsjef Oppvekst og utdanning, med aktuelle rådgjevarar i sin stab, har ansvaret som barnehagemynde





Oversikt over oppgåvefordelinga mellom oppvekstsjef, sektorleiar for barnehage og rådgjevar oppvekst

BLÅ = Myndeoppgåver som søknader om dispensasjon og tilsyn **SKAL vera skilde frå eigaroppgåver**. Her: ligg til Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning.

GUL = Myndeoppgåver som er delegert til Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning

ORANGE = Myndeoppgåver som er delegert til sektorleiar for barnehage

GRØN = Oppgåver/ansvar som ligg både til mynde og barnehageeigar

BHL	Barnehagemynde oppgåver	Ansvar/utfører	Grunngjeving
	Forvaltningslova gjeld på desse områda. Kommunen utøver mynde og ikkje styring. Tilhøyrande forskrifter.		
§10	Barnehagemyndighetens ansvar	Kommunalsjef	
§11	Krav til likebehandling og uavhengighet	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	
§14	Godkjenning	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§15	Familiebarnehager	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§16	Rett til plass i barnehage	Sektorleiar for barnehage	Kommunen gjennomfører samordna opptaksprosess. Her blir likehandsaming av barn og kommunale/private barnehagar ivareteke. Alle styrarane deltek i prosessen
§17	Samordna opptaksprosess i kommunen	Sektorleiar for barnehage	Same argumentasjon som over



§18	Prioritet ved opptak	Sektorleiar for barnehage	Dette punktet heng saman med samordna opptak og då er det naturleg at også denne oppgåva vert lagt til seksjonsleiar for barnehage. Følgjer vedtekne retningslinjer.
§19	Kommunalt tilskudd til godkjente private barnehager		Kommunen har ikkje private barnehagar.
§20	Foreldrebetaling	Sektorleiar for barnehage	Ullensvang kommune følgjer nasjonale føringar for foreldrebetaling og redusert foreldrebetaling. Kommunen har og kun kommunale barnehagar. Vurderer at det ikkje er grunnlag for å svekke tillit til barnehagemyndene om denne oppgåva vert utført av seksjonsleiar for barnehage.
§24	Behandling av søknad om dispensasjon frå utdanningskravet til styrar	Kommunalsjef/rådgjevar for oppvekst	Ei slik oppgåve/ansvar må vera skild frå eigaroppgåver
§25	Behandling av søknad om dispensasjon frå utdanningskravet til pedagogisk leiar	Kommunalsjef/rådgjevar for oppvekst	Ei slik oppgåve/ansvar må vera skild frå eigaroppgåver
§26	Behandling av søknad om dispensasjon frå krav til grunnbemannig	Kommunalsjef/rådgjevar for oppvekst	Ei slik oppgåve/ansvar må vera skild frå eigaroppgåver
§28	Behandling av søknad om dispensasjon frå krav om norskferdigheiter, for styrar eller pedagogisk leiar	Kommunalsjef/rådgjevar for oppvekst	Ei slik oppgåve/ansvar må vera skild frå eigaroppgåver
§30	Politiattest	Kommunalsjef/Sektorleiar	Dette lovkravet vil gjelde for



		for barnehage	både mynde og eigar
§31	Rett til spesialpedagogisk hjelp	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§35	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§36	Rett til skyss for barn med rett til spesialpedagogisk hjelp	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§37	Barn med nedsatt funksjonsevne	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§38	Rett til tegnspråkopplæring	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§40	Oppfyllelse av enkeltvedtak som er kjent ugyldig	Kommunalsjef/sectorleiar for barnehage	Dette lovkravet vil gjelde for både mynde og eigar
§44	Taushetsplikt	Kommunalsjef/sectorleiar for barnehage	Dette lovkravet vil gjelde for både mynde og eigar
§46	Opplysningsplikt til barneverntjenesten	Kommunalsjef/sectorleiar for barnehage	Dette lovkravet vil gjelde for både mynde og eigar
§47	Innhenting av opplysninger fra Folkeregisteret	Kommunalsjef/sectorleiar for barnehage	Dette lovkravet vil gjelde for både mynde og eigar
§53	Tilsyn	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Ei slik oppgåve/ansvar må vera skild frå eigaroppgåver

Fordeling av oppgåver i tabellen over er i tråd med intensjonen i barnehageloven.



5. Risikovurdering

Barnehagemynde vurderer regelmessig sannsynet for- og konsekvensane av brot på barnehageeigar sine plikter. Risikovurdering ligg til grunn når barnehagemynde vurderer behov for rettleiing etter barnehageloven § 10 og tilsyn etter barnehageloven § 53.

Barnehagemynde kartlegg risiko for brot på regelverket ved systematisk bruk av nasjonale og lokale kjelder, som gir informasjon om den einskilde barnehage si etterleving av regelverket. Døme på nasjonale kjelder er årsmeldingar (SSB), årsrekneskap (SSB) og brukarundersøkingar. Dette er kjelder med kvantitativ informasjon som gir barnehagemynde god oversikt over den einskilde barnehage sin strukturkvalitet.

Systematisk logging av klagesaker og bekymringsmeldingar utgjer ein del av grunnlaget for barnehagemynde sine risikovurderingar. Barnehagane sine heimesider og medieoppslag om etterleving av regelverket er også aktuelle kjelder i ei risikovurdering.

Barnehagemynde bruker kunnskapen frå risikovurderingar som grunnlag for å vurdere:

- kva barnehagar det skal rettleiast i eller førast tilsyn med
- kva tema det skal rettleiast på eller førast tilsyn med
- val av verkemiddel (rettleiing eller tilsyn)
- tidspunkt for rettleiing eller tilsyn

Når barnehagemynde skal vurdere risiko, vert det utarbeidd sannsynsvurderingar for-, og konsekvensvurderingar av, at krav i regelverket ikkje blir oppfylt.

Risikovurdering gir grunnlag for eit treffsikkert tilsyn i forhold til tema og val av barnehagar. I vurderinga blir det mellom anna tatt omsyn til kven som blir ramma av eit evt. regelbrot og kva konsekvensar eit slikt regelbrot kan få.

Gjennom eit godt system for risikovurdering sikrar barnehagemynde at rettleiing og tilsyn vert målretta og effektivt, og at verkemidla, rettleiing og tilsyn, rettar seg mot dei områda der behovet er størst.

6. Skjønn

Barnehagelova føreset at barnehagemynde brukar stor grad av skjønn.

Formuleringane viser ofte til ein målestokk eller ein standard, til dømes at noko skal vera forsvarleg eller nødvendig. For å kunna klargjera dei rettslege krava må





dei fyllast med innhald, slik at krava til barnehageeigar kan vera konkrete. Barnehagemyndene sine oppgåver er å avklare innhaldet og intensjonen i lovkravet, og å fastsetja ein minstestandard som barnehagane sin praksis kan målast mot.

Førearbeid til barnehagelova, rundskriv, tolkningsuttalar m.m. gjev utfyllande informasjon om kva som er intensjonen med dei ulike krava. Forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver gjev tydelege føringar, t.d. for kva barn skal erfara gjennom eit pedagogisk barnehagetilbod, og kva personalet skal gjera for å oppnå dette. Forskrifta gjev utfyllande bestemmingar om lov, og gjev rammer og omsyn som skal ivaretakast ved utøving av skjønn. I tillegg tek barnehagemyndene i bruk kartleggingsverktøyet Reflex, for barnehage, til hjelp for å vurdere kva som er minstestandard innanfor lovverket.

I tilsyn kontrollerer barnehagemyndene om barnehagen sin praksis er under minstestandard. Minstestandard vert ifølgje Utdanningsdirektoratet definert gjennom følgende punkt:

- kva omsyn skal avvegast
- kva kriterier skal vektleggjast
- kor stor vekt skal kriteria ha
(jamfør "Metodehåndbok for tilsyn")

Barnehagemyndene har utarbeidd eit kontrollskjema som ei hjelp til å konkretisere kva omsyn som skal takast, og kva kriterier som skal vektleggjast. Kontrollskjemaet gir på den måten oversikt over kva som skal styra dei skjønnsmessige vurderingane.

7. Rettleiing

Rettleiing er frivillig og betyr at barnehagemyndene aktivt gir informasjon til barnehageeigar om eigarpliktene i barnehagelova med forskrifter. Rettleiing kan og gjevast direkte til barnehagane. Dette handlar om samfunnskrav og forventningar til verdigrunnlag, rammevilkår, arbeidsmåtar og innhald som ligg i regelverket. Målet med rettleiinga er å bidra til auka forståing for korleis barnehagelova skal tolkast og etterlevast.

I barnehagelova § 10 om kommunen sitt ansvar står det: *«Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk».*





Barnehagemynde baserer rettleiinga på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova med forskrifter.

Barnehagemynde har kunnskap om dei rettslege krava som blir stilt til barnehageeigar og gjer dette tydeleg i rettleiinga. Når barnehageeigarar/-styrarar tar kontakt med barnehagemynde for å søkja rettleiing, får dei rettleiing i tråd med barnehagen sitt behov. Relevante opplysningar som kjem fram i rettleiinga, kan bli brukt i risikovurdering for tilsyn.

7.1. Proaktiv og reaktiv rettleiing

Proaktiv rettleiing vert gjeve for å avverga lovbrøt. Barnehagemynde bruker den proaktive rettleiinga som eit verkemiddel for å førebyggja utvikling av ein praksis som kan føra til uforsvarlege eller ulovlege forhold.

Reaktiv rettleiing vert gjeve når uforsvarlege og ulovlege forhold skal rettast og avvik skal lukkast.

Barnehagemynde rettleier om eigarplikter og regelverks-etterleving for å støtta barnehagen sitt arbeid med å følgja dei rettslege krava i barnehagelova med forskrifter.

8. Tilsyn

Barnehagemynde si oppgåve med å føra tilsyn med barnehagane, er heimla i barnehageloven § 53. Bestemminga er ei presisering av § 10-5, som gjeld alle oppgåvene kommunen har som barnehagemynde. Tilsyn er utøving av offentleg mynde og er ikkje frivillig. Tilsyn med barnehagar inneber ein kontroll av eigarplikter, og at pliktene er oppfylt i tråd med bestemmingane i barnehagelova med forskrifter. Målet for tilsynet er at barnehagane etablerer ein praksis i samsvar med lovverket.

Tilsyn er eit verkemiddel som skal sikra kvaliteten i barnehagane og at barnehagane oppfyller minstekravet i lova. Minstekravet vil kunna definerast som tilfredsstillande. Kommunen har berre høve til å gje avvik dersom det ved tilsyn vert avdekka uforsvarlege eller ulovlege tilhøve, dvs at barnehagen ikkje oppfyller minstekravet slik lova krev.





8.1. Oppgåver og saksgang ved mogleg tilsyn

Tilsyn etter barnehageloven kan skildrast i tre fasar; førebuingsfasen, undersøkingsfasen og avslutningsfasen.

8.1.1. Førebuingsfasen

I førebuingsfasen innhentar barnehagemynde informasjon til risikovurdering (sjå pkt. 2 om risikovurdering). I denne fasen vert vurdering av metode, tilsynsobjekt og tidspunkt for tilsyn/rettleiing valt. Barnehagemynde har kontrollskjema som utgangspunkt for vurderingane som må gjerast i tilsynet. Kontrollskjema inneheld sjekkpunkt som ei hjelp til å avklara rettskjelder, formålet med bestemmingane og kva lova krev (minstestandard). Gjennom sjekkpunkta sikrar barnehagemynde grundig risikovurdering og godt grunnlag for å vurdere om det skal gjennomførast tiltak etter metoden tilsyn eller rettleiing.

8.1.2. Undersøkingsfasen

I undersøkingsfasen sender barnehagemynde ut varsel om tilsyn for å informera eigar og barnehage om at det er opna tilsyn. Varselet inneheld informasjon om kvifor det er opna tilsyn med barnehagen, kva tema som skal kontrollerast og kva tilsynsmetode og informasjonskjelder som vert nytta. Aktuelle metodar for informasjonsinnhenting kan vera:

- Intervju med eigar, styrar, personale og foreldrerepresentant
- Barnesamtalar
- Observasjon
- Spørjeskjema
- Befaring i barnehagen sitt leike- og læringsmiljø inne og ute
- Ulik dokumentasjon

I etterkant av tilsynet vurderer barnehagemynde opplysningane som er innhenta opp mot kriteria og sjekkpunkta i kontrollskjemaet, og vurderer om det føreligg lovbrøt.

8.1.3. Avslutningsfasen

I avslutningsfasen formidlar barnehagemynde konklusjonen frå tilsynet i ein tilsynsrapport.





Resultatet i tilsynsrapporten byggjer på juridiske, faglege og skjønnsmessige vurderingar og følgjer forvaltningslova sine prinsipp. Rapporten skildrar tema for tilsynet, tilsynsmetoden og dei rettslege krava. Lovbruken tilsynet har, skal koma tydeleg fram. Skriftleggjing av barnehagemynde sine vurderingar og konklusjonar bidreg til å sikra likehandsaming av barnehagar. Ved lovbrøt sender barnehagemynde ut ein førebels rapport (varsel om pålegg om retting) der barnehageeigar får høve til å uttala seg før barnehagemynde fattar vedtak. Etter ein gjeven frist for uttale vert vedtak med pålegg om retting av ulovlege forhold sendt.

I vedtaket vert klageinstans, klagefrist og frist for retting av dei ulovlege forholda oppgjeve. Fristen for retting skal vera tilstrekkeleg til at barnehagen skal kunna retta opp i lovbrøt og gje tilbakemelding til barnehagemynde om at rettinga er gjennomført. Samstundes vurderast konsekvensen av lovbrøtet, og fristen bør av den grunn ikkje vera lenger enn nødvendig.

Kva som er tilstrekkeleg for å lukka lovbrøta, vert vurdert i kvar einskild sak avhengig av lovbrøtet sin art. I vedtaket står det kva regelverksbrøt som er avdekka, kva barnehageeigar må gjera for å retta dei opp og kva dokumentasjon som er nødvendig for å lukka avviket. Målet for tilsynet er at barnehagen etablerer ein praksis i samsvar med regelverket.

Dersom barnehageeigar ikkje rettar forholdet innan fristen, kan barnehagemynde vedta tidsavgrensa eller varig stenging av barnehagen. Stenging av ein barnehage er inngripande og skal kun brukast ved særleg alvorlege regelbrøt eller dersom regelbrøt gjentar seg over tid. Barnehagemynde har ansvar for å gi ny plass i annan barnehage til barn, dersom barnehagen vert stengt.

8.2. Ulike typar tilsyn

Det finst ulike typar tilsyn, og det kjem an på bakgrunnen for avgjerd om å gjennomføra tilsyn, kva for type som vert teke i bruk.

8.2.1. Tematilsyn

Tematilsyn er tilsyn basert på ulike tema i barnehagelova. Risikovurderingar vil vera avgjerande for kva tema det skal førast tilsyn med, kva barnehagar som vert valt ut og kva metode som er formålstenleg - dokumenttilsyn eller stadleg tilsyn. Tilsynet fungerer både som kontroll av barnehagane si etterleving av regelverket, og skal vera eit bidrag til barnehagane si kvalitetsutvikling. Ein årleg tilsynsplan vil





bli utarbeidd, for å visa kva for tema som er aktuelle å føra tilsyn- og/eller rettleiing med den nærmaste tida framover.

Når barnehagemynde har valt tema og innhald for tilsynet, vert kriterier for vurdering av informasjon og funn utarbeidd. Desse kriteria vert retningsgjevande i utøving av juridisk og fagleg skjønn, og skal bidra til likehandsaming (sjå kap. 3 om skjønnsvurderingar).

Barnehagemynde innhentar tilstrekkeleg og eigna informasjon for å kunna vurdere og konkludera om barnehagen sin praksis er i tråd med lov og forskrift. Kva metodar og informasjonskjelder barnehagemynde ser som formålstenleg, vert vurdert ut frå tema for tilsynet. Barnehagar som vert valt, varslast om tilsynet i god tid, slik at eigar/styrar kan gjennomføra nødvendige prosessar for å førebu tematilsynet.

8.2.2. Hendingsbasert tilsyn

Hendingsbasert tilsyn vert gjennomført på bakgrunn av ei bekymring/klage. Bekymringane kan t.d. koma frå foreldre, andre kommunale instansar eller fagforeiningar. Tema for tilsynet vil vera direkte relatert til informasjonen barnehagemynde har motteke.

Når barnehagemynde mottek klage/bekymring, vert det først vurdert om innhaldet er omfatta av barnehagelova med forskrifter. Etterpå vert metodebruken vurdert opp mot graden av alvor i klagen. I nokre tilfeller vert meldar oppfordra til å ta opp bekymringa eller klaga direkte med barnehagen. På den måten vert det gjeve høve til å løysa saka på lågast mogleg nivå utan å opna tilsyn.

I dei tilfella barnehagemynde vurderer sannsynet for lovbrøt som høg på bakgrunn av klagen sitt innhald og eventuelt utfyllande informasjon/dokumentasjon fra eigar/styrar, vert det opna tilsyn med barnehagen. Klaga sin art er utslagsgjevande for om det skal vera eit meldt eller uanmeldt tilsyn med barnehagen.

Dei fleste tilsyn vert varsla på førehand, men i nokre tilfelle kan det vera formålstenleg å utføra uventa tilsyn. Eit uventa tilsyn er ei form for stikkprøve, og det vil ofte vera nødvendig å innhenta annan dokumentasjon i tillegg for å gjera greie for saka. Dersom klagen/bekymringa inneheld teiepliktige opplysningar, blir saka unnateke offentlegheit.





8.2.3. Oppfølgingstilsyn

Oppfølgingstilsyn vert gjennomført for å undersøkje om barnehagar har endra lovstridig praksis i tråd med gjevne pålegg om retting.

Barnehagemynde gjennomfører oppfølgingstilsyn når barnehagen sitt lovbrøt har alvorlege konsekvenser for tredjepart (barn og foreldre), og når det er store krav om endring av barnehagen sin praksis.

Kontroll med endring av praksis er eit nytt tilsyn i høve det opphævelege tilsynet, men med same tematikk.

9. Evaluering

Barnehagemynde evaluerer eige arbeid etter avslutta tilsyn. I evalueringa vert område som; temaet som er valt, spørsmåla som vert brukt og sjølv gjennomføringa av tilsynet vurdert. Evalueringa har som mål å vidareutvikla tilsyna til å bli stadig betre.

I generelt årleg evalueringsarbeid vert og verktøyet [RefLex](#) brukt. Det er eit verktøy utarbeidd av Utdanningsdirektoratet, og det vert brukt for å evaluera barnehagemynde si praktisering av regelverket.

10. Referansar

Barnehageloven. (2005). *Sist endra: LOV-2022-06-10-40 fra 01.01.2023*
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Forvaltningsloven. (1970).
[Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker.](#)

Kunnskapsdepartementet. (2021).
[Tilsyn med barnehager.](#)

Utdanningsdirektoratet. (2019).
[Reflex.](#)





Utdanningsdirektoratet. (2021).

[*Kommunens rolle som barnehagemyndighet.*](#)

[*Metodehåndbok for tilsyn.*](#)

